

Til styringsgruppa for
Biosfæreprosjektet

Knarvik, 06. 05. 2015

Referat frå møte i styringsgruppa 27. april 2015

Tid: Mandag 27. april kl. 13.00 – 15.30

Stad: NUI sine lokalar i Knarvik

Til stades:

Knut Moe	Modalen kommune, leiar
Karstein Totland	Masfjorden Kommune
Rune Heradstveit	Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Jan Nordø	Naturvernforbundet
Andreas Steigen	UiB
Gudrun Mathisen	Hordaland Fylkeskommune
Arbeidsgruppa:	
Arne Abrahamsen	Nor PR
Peter Emil Kaland	UiB

Meldt forfall:

Dirk Kohlmann	Fylkesmannen i Hordaland
Wencke Teigland	BKK
Kari Natland	Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Ordstyrar: Knut Moe

1. Velkommen. Gjennomgang av sakslista.

Ingen kommentarar

2. Status Gjennomgang av årsrapport for 2014
UiB sitt arbeid
Framdrift for forprosjekt- og hovedsøknad.

I heile 2014 har arbeidsgruppa arbeidet med **forprosjektsøknaden**. Den var ferdig 1. september, og deretter starta den politiske handsaminga i kommunane. I løpet av hausten har Kari og Peter Emil presentert søknaden for 10 kommunestyre og for fjellstyret for Stølsheimen. Deretter har kommunestyrene i sitt neste møte votert over deltaking i

biosfæreprosjektet. I 9 kommunestyre var voteringa samrøysta. Etter ynskje frå kommunane rundt Stølsheimen (Høyanger, Vik, Voss og Vaksdal) vil det bli presentasjonar i deira kommunestyre i 2015, like eins for Askøy kommune der vi ynskjer å inkludera det verna Herdla-området. Like før jul var den politiske prosessen i kommunane avslutta.

UNESCO sendte i november melding til **Universitetet i Bergen** om at UNESCO-professoratet er blitt godkjent. Planen er at rundt dette professoratet skal det knytast til en forskar frå kvart fakultet, og at dette skal utgjera ein tverrfagleg gruppe som skal koordinera UiB's satsing innafor UNESCO-forsking. Før UiB kan i gangsetja forskingsgruppa må dei formelle avtalene med UNESCO klargjerast, og ekstern økonomisk støtte må sikrast.

I UNESCO er man mykje interessert i vårt biosfæreprosjekt, som blir rekna som eit prosjekt som viser den veg biosfæreprogrammet må utvikla seg mot i årene framover. Sjølv om prosjektet vårt enno ikkje er eit godtatt biosfæreområde, ble vi i oktober bedt om å delta i ei pilotgruppe på 6 biosfæreområder i Europa om UNESCO's kommunikasjonsprofil internasjonalt. Dette er ein del av UNESCO's strategi for sin merkevarebygging for å tydeliggjera dei oppgåvene UNESCO har. Som del av dette prosjektet blir det heldt ein konferanse i Nordhordland om vårt prosjekt i slutten av august.

Regnskapet for 2014 ble lagt fram.

Framdrift. Klima- og Miljødepartementet arbeider nå med å opprette ein MAB-komité. Den skal utvikle Norge sin strategi for biosfæreområder, og den skal vurdere vår søknad. Dette kan ta tid, og styret var klar på at det er viktig å presse på for å få vår søknad vurdert så hurtig som mogeleg.

Arbeidsgruppa skal delta på EuroMAB 18-22 mai og på MAB ICC i Paris 8.-12. juni. Begge desse konferansane gir mykje informasjon og er viktige for arbeidet vidare. I slutten av august arrangerer UNESCO eit møte i Nordhordland for pilotgruppa som da skal fokusera på vårt biosfæreprosjekt, og seinare på hausten blir det innkalla til eit fellesmøte for alle pilotprosjekta i Paris.

Det ble ein diskusjon om korleis UiB, kommunane, Fylkesmannen og Fylkeskommunen kan utvikle eit betre samarbeid om gjennomføring og finansiering av samfunnsbyggjande prosjekter i Nordhordland. Eit forslag var å arrangere ein konferanse om dette emnet. Dette vil arbeidsgruppa vurdere og vil komme tilbake til styringsgruppa om saken.

3. **Prosjekt**

Noko av det viktigaste ved biosfærearbeidet blir å gjennomføre samfunnsbyggjande prosjekt. Ved sida av gode resultat av prosjekta er desse og ein finansieringskjelde for biosfæreorganisasjonen. Korleis skal ein definera eit biosfæreprosjekt? Arbeidsgruppa har satt opp ei liste over dei kriteriana som skal til for at eit prosjekt kan godtakast som eit biosfæreprosjekt (vedlegg).

Arbeidsgruppa arbeider med å initiere prosjekt. Eit felt som vi meiner vil gi god effekt er eit **skogprosjekt** som tar for seg berekraftig utnytting av krattskog og avfall frå hogstfelt til produksjon av bioetanol, fjernvarme eller andre produkt. Produksjon av bioetanol bør kunne knytast opp mot det teknologiske miljøet på Mongstad. Tilleggseffekt av dette prosjektet er at det reduserer faren for landskapsbrannar i krattskogen og at det kan gje eit meir opent landskap som kan nyttast til matproduksjon ved beitebruk. Det er tatt kontakt til nokre kommunar og med Fylkesmannen, og vi håper å starte opp eit forprosjekt neste år med ein

profesjonell prosjektleiar og i samarbeid med kommunane, skogeigarlag og andre organisasjonar som arbeidar med relaterte oppgåver. Hordaland er blitt eit stort skogsfylke i Norge.

Eit viktig prosjekt er å få bygga opp **undervisningsopplegg om berekraftig utvikling** for skuleverket. Blåklokka barnehage i Meland har fått en pris for særdeles god miljøtsatsing. Vi ønsker å innkalle barnehageledelsen til et møte saman med interesserte skolefolk i Nordhordland. Vi har mye å lære av undervisningsopplegg i andre biosfæreområder.

Det er eit ønskje å engasjera seg i **folkehelse-arbeidet** i Nordhordland, kor ein mogelegvis kan knyta prosjekt ved Institutt for Samfunnsmedisin ved UiB og det nasjonale folkehelse senteret ved Høgskulen i Bergen saman med dei kommunale oppgåvene.

Det er god kontakt mellom lokalmatprosjektet i Nordhordland og ullprosjektet som samarbeider med Hillestad ullvarefabrikk.

NordMAB har engasjert seg i prosjektet **Student on Ice** som sender skoleelevar/studentar på ekspedisjonar til Arktis og Antarktis, og dette prosjektet vil vi og engasjera oss i.

Det arbeidast også med **EU-Interreg prosjekt** som vil knytast opp mot berekraftig turisme.

4. **Studietur til Wien.**

Etter vurdering har vi valt å legge studieturen til Wien. Dette biosfæreområdet er mye større enn vårt. Det omfattar en del av Wien pluss ein nabokommune. bl.a. bor det 750 000 menneske i området. Vi kan likevel lære mye frå dette biosfæreområdet. Kva betyr et biosfæreområde for dei som bur der. Kva kan det nyttast til. Korleis har dei organisert biosfæreområdet? I Wienerwald er det ei tydeleg politisk styring, men vi får også informasjon om eit anna biosfæreområde som har ei anna styringsmodell. Wienerwald regnes å ha et godt undervisningstilbod for skuleverket. Turen starter søndag frå Flesland kl. 1645 og er tilbake onsdag kl. 2105. Program for opphaldet blir send over når detaljane er klare. Foreløpig er 11 personer påmeldt og 5 av deltakarane er ordførare. (Vi må ha med gåver frå Nordhordland til vertskapet i Wien.)

5. **Nettsider.**

Vi har bestemt oss for å lage nettsider som fungerer i prosjektperioden. Vi vil nytte eit oppsett som ligger nær NUI sine sider ved at vi bruker same leverandør. Dette fører til lågare utviklingskostnader. Dessutan gjør det nettsida meir nøytral i forhold til kva slags profil vi går inn for. Vi må ha betre klarlagt innhaldet i biosfæreområder før vi avgjer den endelege visuelle profilen. Likevel vil nettsida skilja seg ut frå kommunane sine sider slik at det er tydeleg at det ikkje er ei kommunal side, men likevel vil ein kjenne igjen strukturen og det vil bli eit godt reiskap for oss. Vi reknar med at nettsidene blir klar i løpet av mai.

6. **Budsjett.**

Foreløpig ser det ut til at vi skal nå opp til det oppsette budsjettet. Vi har fått støtte frå kommunane, UNESCO har gitt 275 000, og vi arbeider nå med støtte frå UiB.

7. **Eventuelt.**

Arbeidet med hovudsøknaden vil starte før sommaren, og vi har planlagt eit innleiande 2 dagars arbeidsmøte på Lyngheisenteret. UNESCO har laget ein mal for korleis hovudsøknaden skal byggjast opp, og vår forprosjektsøknad følgjer denne malen. Det gir oss ein god start. Institutt for biologi har satt opp ei gruppe som skal bidra til arbeidet, og i tillegg

må vi trekke inn folk frå Nordhordland. Det må bland anna avgjerast kva for verneområde som inkluderast i biosfæreområdet. Dei to største verneområder blir Stølsheimen og Lurefjorden men i tillegg må inkluderast eit utval av dei små verneområder.

Knarvik, 13. november 2014

Referent: Peter Emil Kaland